



## Informasjon til leigetakar

Velkommen til Bondalseidet Sportskapell!

Huset har unike kvalitetar og vi er glade for å kunne stille det til disposisjon til leigetakarane.

Som leigetakar er det viktig å vere medviten på kva ansvar og moglegheiter bruk av huset fører med seg. Her har vi derfor samla viktig informasjon. Les nøye gjennom det og ta gjerne kontakt med oss dersom noko er uklårt, eller det er noko du ynskjer å vite meir om!

Vi gjer vårt beste for å halde huset reint og triveleg for gjestane våre. Huset er dreve med friviljug arbeid, og vi er derfor ekstra avhengig av at leigetakarane hjelper oss å halde huset i orden. Innordning etter ordensreglane er eit absolutt krav for leige av huset.

Ofte er det knapt med tid når opphaldet nærmar seg slutten. Det kan derfor vere lurt å tenke gjennom på førehand korleis ein skal ordne opp etter seg. Dersom heile huset har vore i bruk, trengst det 3-4 personar i omlag ein time for å ordne.

### **Om huset:**

Huset er i 2 plan. 1.etg har hovudinngang, kjøkken, peisestove med hems og kapell. I kjellaren er det 4 soverom med enkle køy-sengar ( 8+4+4+8 ), 3 WC og 2 dusjar. Huset har innlagt kommunalt vatn og avløp. Det er golvvarme i dei fleste roma. Huset har enkel standard, og er eigna for grupper på 10 til ca 50 personar.

### **Slik kjem du til Sportskapellet:**

Køyr til Ørsta skisenter, ta til venstre i siste svingen før parkeringsplassen til skisenteret. Om vinteren er vegen ned til huset normalt ikkje brøytt og du må parkere på parkeringsplassen (parkeringsgebyr).

### **Slik gjer du når du skal leige huset:**

1. ta kontakt med utleigeansvarleg: per e-post til [utleige@sportskapellet.no](mailto:utleige@sportskapellet.no) eller på telefon.
2. utleigar noterer reservasjon i utleigebok og gir muntleg informasjon om huset.
3. leigetakar avtaler hente av nykel, eventuell informasjon og kvitterer for det. **Viktig:** Den som kvitterer for nøkkel, er ansvarleg leigetakar og er brannvernansvarleg i leigetida!

### **Hugseliste:**

- innesko ( ikkje svarte sålar ) eller gode sokkar
- strech-laken og putevar må nyttast for overnatting
- handkle
- namnelappar på kle
- 1.hjelpsutstyr
- mobiltelefon



### **Før bruk av huset:**

- hent nykel og signer på utleigepapiret og brannprotokollen.
- dersom det er svært mykje snø på taket, må utleigar varslast straks og taket eventuelt mokast!.
- leigetakaren er brannvernansvarleg og må gjere seg godt kjend med branninstruksen.

### **Når du kjem til huset:**

1. Vinter: parker på parkeringsplass for skisenterent ( parkeringsgebyr) eller Sommar: parker nede ved kapellet. Vis omsyn og ikkje parker på parkering for nabohytta eller på vegen til kapellet!
2. Gjer deg godt kjend med branninstruksen ( heimesida / oppslag på gangen )
3. Opne hovudkran for vatn i kjellaren ( skal alltid vere opa når huset er i bruk og elles stengd )
4. Sett i støpsel for oppvaskmaskin, kjøleskap, frysar etter behov.

### **Bruk av peisen**

1. Opne begge lufteventilane ( sku spaken oppe til høgre, drag ut stonga nede )
2. Legg to halvstore trestykke ut/inn på kvar side i peisbotnen. Legg avisapir og opptenningsved i mellom, og tenn opp ovanifrå og ned.
3. Lat ovnsdøra stå på gløtt heilt til veden tek fyr. Lat att døra og ventilen nede når det brenn godt.
4. Når omnen er varm, kan du regulere varmen med spaken oppe. 75% opning gir nominell varme.
5. Lat ilegget brenne ned til glo før du legg inn i omnen på nytt. Opne dørene på gløtt og lat undertrykket i omnen utjamne seg, før dørene opnast heilt. Legg i veden og opne lufteventilen i heilt opa stilling. Reguler ned igjen når det brenn godt. Kontroller at etterbrenninga har starta.

### **Når du forlet huset:**

1. Tøm kjøkkenskapa, kjøleskap og frysar for matrestar. Tøm avfall frå bosbøtter. Avfallet må takast med for levering til reinhaldsverket (VØR, sjå [www.vor.no](http://www.vor.no) )
2. Støvsug møblar, vask golva. Rydd på plass møblar og utstyr slik dei stod då du kom
3. Kontroller at dørene i peisen er igjen.
4. Sett varmeomnen under kjøkkenbenken på ca 10 grader, skru ned eller slå av all golvvarme på el-tavle i kjellar ( sjå instruksjon på skapet )
5. Ta med alle attgløymde kle, handkle o.l. (Vi har ikkje høve til å ta vare på dei !)
6. Trekk for alle vindauge og dører i kapellet og peisestova
7. Steng hovudkrana for vatnet
8. Kontroller at alle dører og vindauge er låste ( det er 4 utgangsdører )
9. Trekk ut støypsla for kjøleskap, frysar, kaffitraktar og sløkk alle lys. Kontroller at komfyrane er av.
10. Noter eventuell skade på inventar eller hus og gi melding om dette.

### **Etter bruk av huset:**

Leigetakar leverer tilbake nøkkel til utleigar, kvitterar på utleigeskjema og betalar faktura i tide.



### **Ordensreglar under opphaldet:**

Huset er eit kapell, eit gudshus. Huset er reist med ynskje om at det må tene og stimulere kristenlivet. Vi ber derfor leigetakarane respektere dette og oppføre seg sømeleg og fylgje ordensreglane under:

- all nyting av alkohol og andre rusgifter er forbode.
- røyking er ikkje tillate.
- husdyr er ikkje tillate innandørs.
- bruk av stearinlys o.l. er berre tillate i god avstand til brennbart materiale ( t.d. gardiner) med ikkje brennbare lysestakar i salar og på kjøkkenet.
- kast ikkje ting som kan tette pumpa i avløpet, kontroller at avløpspumpa pumpar regelmessig
- bruk tøflar eller innesko som ikkje lagar merke i golvbelegget.
- ved overnatting, må ein bruke laken/madrassetrekk.
- Vi ynskjer å ta vare på miljøet. Det er derfor kjeldesortering for:
  - plast
  - papp og papir
  - restavfall
  - panteflasker
- leigetakaren er heilt og fullt ansvarleg for skade på inventar og anna. Dette gjeld all slags form for hærverk, som til dømes skriving på veggar, tak osb.
- det er ikkje høve til framleige av huset.



## **Brannvern**

### **Førebyggjande brannvern**

Alle gjestar har plikt til å lese branninstruksen og å opptre på ein slik måte at det ikkje er fare for eller oppstår brann.

Når hytta er leigd ut til grupper, skal det alltid oppnemnast ein **brannvernansvarleg**. Namnet på vedkomande skal noterast i brannvernprotokollen som ligg i skapet på kjøkkenet.

Brannvernansvarleg skal orientere gjestane om rømningsplanar, korleis dei skal opptre i ein brannsituasjon, og om korleis brann skal varslast.

Før brannvernansvarleg går til ro om natta, skal vedkomande kontrollere opphaldsrom, kjøkken og peis.

Det er viktig å telje overnattingsgjestane, dette skal førast i brannvernprotokollen.

Dersom det er fleire enn 50 overnattande, må det etablerast ei eiga nattevakt.

### **Rømningsplan**

Rømningsplanar er slått opp på veggen i kvart soverom og ved inngangen i 1.etg.

### **Kontrollpunkt for kvar utleige og overnatting**

- Kontroller at brannsentralen er i normal drift ( Grønt lys på sentralen skal lyse. )
- Kontroller at alle rømningslysa lyser.
- Kontroller plasseringa til sløkkeutstyret og at det er i orden. ( Det er 2 brannslangar, eit handsløkkeapparat og eit brannteppe. )
- Gjer deg kjend med rømningsplan.
- Rømningsplanen er slått opp på veggen ved inngangen og på kvart soverom. Den gir viktig informasjon om rømningsvegar, rømningslys, sløkkeutstyr og brannalarm.
- Hovudkran for nettvatnet må alltid vere open når det er folk i huset.
- Alle rømningsvegar må vere ryddige.
- Røyking er ikkje tillate.
- Det er ikkje tillate å overnatte på hemsén.
- Ved kveldsro:
  - Tel alle overnattingsgjestar, ha oversikt over soveplassane.
  - Kontroller at varmevifte, kaffitraktarar og komfyrar er avslått. Kontroller at all open eld er sløkt.



### **Branninstruks ved branntilløp:**

1. Opptre **role**g og sindig. Om mogleg, fordel oppgåvene.
2. Dersom ikkje brannalarmen har starta: start **brannalarm**
3. **Evakuer** alle til samlingsplass utanfor inngangen
4. **Varsle**: ring brannvesenet tlf. **110**
5. **Tel alle** og sikre at ingen er igjen innandørs
6. Dersom mogleg: **sløkk** brannen med tilgjengelege sløkkemiddel

#### Informasjon:

<b>kontaktperson:</b>	ditt namn
<b>objekt</b>	Bondalseidet Sportskapell
<b>adresse</b>	Bondalseidet i Ørsta kommune. 100 m vest for nedre heisstasjon på Ørsta Skisenter.
<b>hending</b>	fortel kva som har skjedd